

**OSA VANNEKSPORT  
REGULERINGSPLAN FOR SALBUVIKA, OSA****FØRESEGNER****§1  
GENERELT**

- 1.1 Det regulerte området er vist med stipla linje som reguleringsgrense på kart i mål 1:1000. Innanfor denne grensa skal arealet nyttast som vist.
- 1.2 I samsvar med § 25 i plan- og bygningslova er arealet regulert til følgjande formål:
  - Byggjeområde
    - område for industri
    - område for fritidsbusetnad, naust
  - Offentlege trafikkområde
    - køyreveg
    - kai
    - trafikkområde i sjø, hamn
  - Friområde
  - Spesialområde
    - reinseanlegg for vatn

**§ 2  
FELLES BESTEMMELSAR**

- 2.1 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande foresegner er stadfesta, kan det ikke inngåast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og foreseggnene.

**§3  
OMRÅDE FOR INDUSTRI**

- 3.1 I området skal det oppførast bygning for lett industri med tilhøyrande anlegg.
- 3.2 Brann- og eksplosjonsfarleg industri må ikke leggjast til planområdet.
- 3.3 Grad av utnytting skal ikke overskride TU 10 %
- 3.4 Høgde og utforming av bygg skal godkjennast av det faste utval for plansaker

## §4 OMRÅDE FOR FRITIDSBUSETNAD, NAUST

I området kan det førast opp inntil 5 naust i 1 høgd og eventuelt moloanlegg i tilknytning til desse. Det skal ligge føre godkjend utbyggingsplan før byggjeløyve vert gjeve. Denne skal vise form, dimensjonar og gesimshøgde på nausta samt utforming av området rundt.

## §5 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Offentlege trafikkområde omfattar:

- køyreveg
- kai
- hamn

- 5.1. I området "trafikkområde, køyreveg" skal det opparbeidast veg for tilkomst til kaianlegg og UV-anlegg. Køyrevegen kan ha ei breidde på 6.0 m og skulderbreidde på 0.5 m.
- 5.2. I området "trafikkområde, kai" kan det førast opp kai for mottak av større skip. Planlegging av kaianlegg skal skje i samarbeid med Statkraft som også skal ha høve til å nytte anlegget.
- 5.3. Området "trafikkområde i sjø, hamn" skal nyttast til hamneområde. I området kan det førast opp molo i tilknytning til naust. Plan for dette skal godkjennast av heradet.

## §6 FRIOMRÅDE

- 6.1 Friområdet skal vere for allmenn bruk samt fungere som tilkomst til eksisterande naust aust i Salbuvika.
- 6.2 Det er ikkje tillatt å oppføre bygningar, anlegg eller gjere andre inngrep i friområdet.
- 6.3 På området kan det plasserast feste/pullert for fortøyning av båt.

## §7 SPESIALOMRÅDE

Reinseanlegg for vatn

- 7.1. Innanfor området kan det førast opp reinseanlegg for vatn (UV-anlegg) med naudsynlege bygg og anlegg for dette.

